



Rogaland Sau og Geit

Gode småfebønder !!

18.mars 2024

Tida er komen for ei lita helsing frå styret igjen. Starten på nyåret er ei hektisk tid for styret. To store oppgåver skal slutførast; innspel til jordbruksforhandlingane og årsmelding/årsmøte.

Innspela til jordbruksforhandlingane er ei samanslutning av innspela frå våre lokallag, det er godt forankra i organisasjonen og årsmøtet godkjenner det endelege innspelet som me sender til NSG. Årsmeldinga dette året var av nyare tids format og me håper folk har lese denne og er nøgde.

Me hadde eit godt årsmøte i Eigersund i februar. Der var god stemning og tidvis stort engasjement, det likar me. Me set pris på at me kan vere sakleg ueinige for etterpå sitje til bords ilag og ha det hyggeleg ilag. Utover vanlege årsmøtesaker behandla me saker om sats på heimekåring, moglegheit for gen-test i bruksbuskarar og økonomien i vereringane.

Nytt av året er også at desse helsingane våre som du les nå vil fylgjast av ein annonsør som får vise sine produkt og komme med sesongbaserte tilbod eksklusivt for Rogaland sau og geit sine medlemmer.

13.-14. mars var styret på austlandet på årsmøte i NSG. RSG var aktivt med gjennom møtet og uttrykte våre standpunkt. Økonomien i vereringane var innsendt sak frå RSG og blei vedtatt styrka med totalt 1,2 millionar. Ny seminstasjon var største sak på årsmøtet, her har det vore mykje planar og høgt spel frå somme hold. Årsmøtet ønsker nybygg og ga styret 1 år på å fremje ein plan for ein framtidsretta stasjon som er økonomisk gjennomførbar. Inntil vidare vil sæd-produksjonen til NSG halde fram på Staur. Elles er Norge eit mangfaldig land og utfordringane deretter. Alt frå hyttefolk, gjerde-problematikk til vær-utfordringar og ikkje minst rovdyrplager. Det er utskiftingar på gang i leiinga i organisasjonen og ny dagleg leiar var med oss på årsmøtet og framstår som ei dame med pågangsmot og visjon om å løfte NSG opp og fram i tida framover.

Gjetarhund-organiseringa er under lupa. Det går i desse dagar ut e-post til lokallaga med spørsmål om korleis det er i dag og ønsker for framtida. Målet er å få til ei organisering med lik struktur over heile landet. Her må alle med meiningar engasjere seg. Svarfrist på første runde er 10 april.



Etter ei roleg tid rundt om i sauehusa i fylket er det no straks før det brakar laust med lemming hjå den eine etter den andre. Apropos variasjonane i landet så har me store skilnadar i fylket vårt, der starten på lemminga fort varierer med 5-6 veker. Det blir gjort mykje arbeid i organisasjonane for å styrke økonomien i sauehaldet og landbruket totalt. Men no i lemminga er det kvar og ein av oss som må gjer jobben for å kunne ta ut potensialet som ligg. No er det 24/7 i vekevis for å gi alle nyfødde og mødre dei beste vilkår. Det er natte-våk og soving ståande omtrent når moglegheita byr seg.... Det er råmjølk og navla-spraying, flytting av dyr og eit konstant auge for avvik frå «normalen». Der kjem stunder der ein kan føle alt går i feil retning, og der kjem augeblikk der ein kan kika rundt seg og oppleve harmoni og fred, og føle ein har kontroll. Dette er nok felles for alle, anten ein har sin første vår eller det nermar seg 30-40 og 50 års erfaring.


Så er det ut på grønt gras og eit friare tilhøve for både folk og fe. Personleg kjennest dei turane rundt på beita når dyra er i form, beitet er bra og sola skin; som noko av det finaste med å vera sauebonde. Husk å nyte slike stunder, enn så lenge så må nok det reknast som ein del av «løna» vår 😊

Me i RSG vil ønske alle God påske og lykke til med våren.

Helsing frå styret i Rogaland sau og geit,
ved Jon Egil Østerhus

Tilbod frå Knarrhult presentert på neste side:

Lenke til Knarrhult si nettside: <https://knarrhult.no/>





Lammevarmekasse

Spesialtilbud kun til medlemmer av
Rogaland Sau og Geit!

Lammingen nærmer seg, og vi har i den forbindelse fått en knallpris på lammevarmekasse fra Knarrhult. Dette er et effektivt hjelpemiddel i den travleste perioden i året, da den kan varme opp til 3 nedkjølte lam på samme tid.

Leveres flatpakket med gjennomsiktig lokk, termometer og effektiv varmevifte!

Dersom du bestiller denne via oss, får du den nå til kun **kr 3900,-** ex mva.

Tilbudet varer så lenge lageret rekker.



Kontakt

Sverre Birkeland 95792121 sverre@sau-da.no Sauda
Mikal Nordbø 98218888 mikalnor@hotmail.com Sandnes
www.knarrhult.no